



Referat fra møte i FoU- utvalg

Tidspunkt: 12.30-14.30

Sted: zoom

Til stades: Christine Øye, Liv Heide Magnussen, Margreth Grotle, Trude Engebretsen, Marit Solheim (vara), Alice Kvåle (leder)

Fråfall: Ole Bjørn Rekdal, Frode Fadnes Jacobsen, Stipendiat Kjell Einar Barsnes

1. Saksliste, innkalling og referat

Godkjent

2. Orienteringssaker

Kompetanseoversikt ved FHS

Orientering om status toppkompetanse, stipend og publisering ved fakultetet:

- 20 stipendiatar er tatt opp i ph.d.-programmet og ca 15 er i prosess
- 6 post-doc i prosess (3 knytt til U13-prosjektet + 3 pga ekstra rekrutteringsstillingar)
- 2 fullførings ph.d.-stipend er tildelt (full tid i 1 ½ år)
- 4 førstelektorstipend er tildelt (50% tid i 2 år)
- 4 professor/dosentstipend (10% meir FoU-tid + mentor + driftsmidlar)
- 150 publikasjonspoeng for 2019 til FHS
- 315 publikasjonar totalt (poeng-gjevande og ikkje poeng-gjevande publikasjonar)

Det er viktig å fortsatt prioritere at stipend er knytt til eit spesifikt prosjekt.

Kommentarar:

- Tilsette innanfor helse og velferdsfaga er ofte godt voksen når dei disputerer
- Må sjå på dette når vi skal lage ein handlingsplan
- Kva slags indikatorer er det vi treng for å lage eit kart over institusjonen?
- Vi må sjå på indikatorar over tid
- Kva alder har dei som er i dei ulike vitskapelige stillingane?
- Når vi skal sjå på publisering må vi sjå det over fleire år
- Vi har regler for når man kan søke om postdoc-stilling: innan 5 år etter at dei har disputert. Ph.d.: ingen aldersavgrensing.
- Når ein rekrutterer til ph.d.-stillingar må man passe på at stillingsbeskrivinga ikkje er for omfattande, slik at dei som er tidlig i karrieren har mogelighet til å sökja

3. Drøftingssaker

Sak 13/20 Forskningsprogram

Bakgrunn:

Det var nokre føringerar frå leiargruppa ved etablering av forskingsprogram.

Intensjonen var å systematisere forskingsaktiviteten ved FHS og sikra samarbeid på tvers av fag, campus og institutt. Forskingsprogram skulle være ein arena for FoU- prosjektetablering, produksjon og publisering. Viktig å kopla forsking og utdanning. Og forskingsprogram skulle være ein fagleg møteplass for utvikling av strategisk viktige forskingsområder.

Det var ein innspelsrunde frå forskargruppene, ID-møte og fakultetsråd. 15 av 20 grupper leverte innspel. Basert på innspela vart det vedtatt den 12.10.20 av dekan og leiargruppa at det ikkje er hensiktmessig å oppretthalda plan om start av forskingsprogram. Det syne å kunne verta ein konstruksjon som ikkje har faglig feste, og det var for uklart kva funksjon forskingsprogramma skulle ha.

Forskingsprogram kunne oppfattast som ein kategorisering av forskingsaktiviteten. Mange av forskargruppene er einige i dette vedtaket. På komande Forskarforum 6.nov. skal vi drøfte korleis vi som forskargruppeleiarar tar med oss erfaringane i dette arbeidet for å bygge og lage store søknader på tvers.

Innspel:

- Dette er ei klok avgjersle
- Programma kunne ha styrka dei store, men ikkje dei svakare forskingsgruppene
- Det kan svekke ein søknad å ta med svake miljø- strategisk sett bør man ta med sterke internasjonale miljø
- Korleis få rekruttert eksterne forskrarar i II -stillingar- særliig i forhold til søknader og publikasjonar
- En del som vart synlig og som vi må jobbe vidare med: innovasjon og implementering. Vi må styrke dette at vi skal bli eit profesjonsretta universitet
- Korleis involvera samarbeidsorgan- helseføretak og brukarorganisasjonar
- Eit forskingsprogram må gi ei klar retning og kva vi kan satse på- kva faller utanfor, og kva faller innafor
- Det vert overordna- og for mye passet inn og vart inkludert- noko må veljast bort
- Ein tydelegare profil for forskinga er uansett viktig
- Korleis dra nytte av kvarandre? Vi er litt for ferske- kva kompetanse har dei andre gruppene?

Sak 14/20 Forskarforum 06.11.20 – program

Innspel til programmet til Forskarforum:

- Korleis organisera gruppearbeidet?
- Viktig å gje ei tydelig bestilling ifm gruppearbeidet
- Gruppene får i oppgåve å bruke NFR sin programplan/utlysing
- Dei skal både sjå på Forskinsstrategien til FHS og NFR sine utlysingar
- Fokuset på dette Forskarforum: korleis bygge noe som gir et resultat?
- Visjonar frå to forskargrupper ved FHS- korleis ser dei for seg at vi skal bygge forskinga vidare og tenke strategi
- Kva kriterier og kva krav er det til å söke eksternfinansiering mtp infrastruktur, internasjonalt samarbeid



Sak 15/20 Synliggjøring av forskingsaktiviteter på FHS sine eksterne nettsider. Kommunikasjonsrådgjevar Ann Jørstad Nilsen deltok under denne saken.

Ann Jørstad Nilsen heldt eit innlegg om statusen til FHS sine eksterne forskings nettsider:

- Alle forskargruppene er nå på FHS sin nettside. Kunne nokre få grupper manglar engelsk oversettning
- Dei eksterne sidene er i dag kun ei oppramsing av forskargruppene, fordelt på institutt og senter
- Ann viste eit forslag på ei nettside med FHS sine profilområder (med dei fire tema som vart foreslått i arbeidet ifm forskingsprogram), og der forskargruppene er plassert under kvart sitt «profilområde»
- Knyter forskinga til ein overordna tematikk
- Personsida til tilsette er viktig ifm samarbeid både innåt og utover
- Det er viktig at det står på personsida kva man forskar på og at det er engelsk oversetting

Innspel:

- eit fint forslag
- tekst ifm med forskingsprogram kan brukast på nettsidene som ein ingress
- gruppene kan synleggjera seg under fleire faner
- i ingressen må det presiserast kva dei ulike tema inneholder

Alice Kvåle og Solveig Witsø følger opp saken og tar det tilbake til forskargruppeleiarane.

Sak 16/20 Internasjonalisering - incentivordning. Administrasjonssjef Trude Engebretsen var med under denne saka for å informere om tilgjengelige midlar som kan brukast til dette formålet.

Fakultetet har fått 200 000 kr til internasjonalisering. Det er også sett av kr 200 000 til felles midlar på tvers av fakulteta.

Vi har brukt kr 75 000 til MAMET og Canvas oversetting.

Forslag frå FoU- utvalet om kva man kan bruke midlane på:

- gi timebetaling til dyktige eksterne internasjonale forskrarar som kan bidra inn med kompetanse ifm søknader om ekstern finansiering

Andre kommentarar:

- vi må framover bygge opp eit tydelegare samarbeid med nordiske partnerar
- Dei som har fått NFR- tildeling har med seg eksterne partnerar

Vedtak:

FoU-utvalet foreslår at fakultetet kan gje timelønn til nokre dyktige og erfarte internasjonale forskrarar som bidreg inn i konkrete eksterne prosjektsøknader i månadene framover. Midla er tilgjengeleg i nokre månader til sidan dei vart tildelt for 2020.

Ein må prøva å støtta dei som får til prosjekt på tvers av forskargrupper.

Alice Kvåle, Solveig Witsø og Trude Engebretsen lager ei formulering og informerer gruppeleiarane snarleg.

Sak 17/20 Opprettning av forskargruppa «Pasientsikkerheit og tenesteutvikling» i Stord/Haugesund

Christine Øye oppsummerte status for denne saka:

Forskningsgruppa *Samhandling for bedre folkehelse* har fungert bra og har eksistert i mange år. Utfordringa har vært å finne fellesnemnar mellom den gruppa og den nye planlagde gruppa. Gruppa jobbar nå med samarbeid med Førde- miljøet. Det er en del medlem som ikkje har faglig tilknyting til forskargruppa.

Monica Hermann og Signe Berit Bentsen har saman prøvd å finne eit anna fokus for denne nye gruppa. Dei ønsker å jobbe med tenestene. Når det gjelder namn så må gruppa ha *Pasientsikkerhet* i namnet, da dette er eit veldig relevant tema for gruppa.

Viktig at denne gruppa vert etablert i forhold til nye doktorar i Stord/Hugesund.

Vidare prosess:

Christine Øye og Anne Lise Holm skal holde kontakten og avtaler nye møter.

4. Vedtakssaker

Sak 18/20 Erfaringar frå prosjekt-vurderingsskjema ifm utlysing av postdoc-stipend (saksframlegg+ vedlegg). Formulering av nytt vurderingsskjema

Denne saken vert utsett til neste FoU-utvalsmøte i desember.

5. Eventuelt